

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Maud Sleire Holmaas	FE-033	23/282

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
004/2023	Eldrerådet	PS	29.03.2023

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Eldrefesten 2023 - drøfting
2. Vedlikehald rundt omsorgsbustadar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Eldrerådet - 004/2023

#### ER - behandling:

Saker som vart drøfta:

#### Postlister:

Inger Jåstad stilte spørsmål om kvifor ikkje søkjarlister vert lagt ut. Når ein ser på postlistene står det IP som tyder ikkje publisert. Om ein ynskjer å sjå kven som har søkt stilling må ein kontakta kommunehuset for så å få dei tilsendt. Ein finn heller ingen informasjon om kven som er tilsett i kommunale stillingar.

Assisterande rådmann Sveinung Toft seier at det er problem med programmet som vert nytta, men at det vert jobba med å få på plass publisering av søkjarlister.

#### Kostnad ved eldretreff på Sørsida:

Helga Hodne viser til at når ein har eldretreff på Sørsida må ein betal husleige. Dette er fordi lokala som vert nytta er leigd ut av kommunen til Sandnes Vel. Som igjen leiger ut til eldretreff. I andre deler av kommunen, er eldretreffa i kommunale bygg, som er gratis.

Assisterande rådmann Sveinung Toft ber dei sende søknad til ordføraren om tilskot til husleige.

#### Fastlegar:

Helga Hodne er bekymra for fastlegeordninga i Masfjorden kommune. Dei to fastlegane me no har nærmar seg pensjonsalderen. Ho meiner kommunen må ha dialog om overlapping og planleggje utlysing av stillingar.

Assisterande rådmann Sveinung Toft seier at ein ikkje veit når legane vil pensjonere seg og at ein sjølvstilt vil ha fokus på gode legetenester når dette vert aktuelt.

#### **Tannlege:**

Helga Hodn spør om kommunen kan nytte tannlegen i Sløvåg til dei innbyggjarane som har rett på fri tannlege.

Ordførar Karstein Totland svarar at dette er diskutert, men pr no er det ikkje mogeleg å få dette til. Kommunen sitt ansvar er å få brukarane til tannlege i Knarvik.

#### **Sikring rundt private heimar som har heimeteneste:**

Ivar Haukeland har opplevd at det på trapp til eldre heimetenestebrukar var så mykje is at vedkommande ikkje kunne komme seg ut. Han spør kven som har ansvar for å sikre slike heimar.

Teknisk sjef Roald Kvingedal svare at TML brøyter til brukarar som skal ha heimeteneste, men at dei ikkje har ansvar for manuell snøbrøyting til private heimar. Viktig å ha god dialog mellom ulike tenester i kommunen.

#### **ER - vedtak:**